

Djupdykk i Golfstraumen

Hels på Simon! Han er ein to og ein halv meter lang klappmyss som veg nesten 300 kilo. Han har akkurat fått seg jobb som forskingsassistent.

TEKST: KNUT VAN DER WEL

Klappmyssen er ein selart som ferdast over heile Nord-Atlanteren. Livretten er blekksprut, og klappmyssane dykker gjerne over ein kilometer ned i det iskalde vatnet for å få fatt i godsakene. Fordi Simon dykker så djupt, er han den perfekte assistenten for klimaforskarar.

Motor av is

Utanfor kysten av Nord-Europa går den mektige Golfstraumen. Han fraktar oppvarma sjøvatn nordover i Atlanterhavet. Slik får vi eit behageleg klima her nord. Men kvar blir alt vatnet av?

Når Golfstraumen nærmar seg Nordpolen, kjøler isen ned det salte vatnet sørfrå. På grunn av alt saltet blir dette vatnet tyngre og søkk ned mot botnen av Atlanterhavet. Der startar det nedkjølte vatnet reisa tilbake mot sørlege breiddegrader.

På den måten blir det trekt stadig meir varmt sjøvatn nordover langs havoverflata, medan kaldt vatn strøymer motsett veg nede i djupet. Golfstraumen er altså eit krinsløp av vatn, med den arktiske isen som «motor».

Satellitt-overvåkning

Det forskarane lurer på, er kva som skjer med Golfstraumen når isen i Arktis smelter. Derfor har dei festa små måleapparat på Simon og eit titals andre selar. Medan Simon sym omkring i Nord-Atlanteren og dykker etter blekksprut, sender måleapparatet informasjon til forskarane via satellitt. Slik kan forskarane følgje med på korleis Simon har det, og korleis det står til med Golfstraumen.

Spørsmål:

- 1) På kva måte kan Simon hjelpe forskarane?
- 2) Teikn korleis Golfstraumen rører seg i havet.





Fyll inn felta med fakta

UTSJÅNAD



MAT

BUSTAD

FORMEIRING